

### Oppfordrar til førehandsstemming

Norges Bygdeungdomslag oppfordrar unge til å stemme på førehand ved haustens kommuneval. – Mange bygdeungdommar er ikkje i heimkommunen sin på valdagen, og da må ein huske å bruke stemmeretten sin på førehand, seier leiar i Norges Bygdeungdomslag, Gunn Jorunn Sørsum. Det er den låge valdeltakinga blant unge som er bakgrunnen for

Bygdeungdomslagets oppfordring. Ved førre kommune- og fylkestingsval valte over halvparten av landets ordinære førstegongsveljarar å ikkje stemme. Tall frå Statistisk Sentralbyrå viser at dei som veks opp i dei minst sentrale kommunane flyttar tidlegare ut enn dei som veks opp i sentrale kommunar. Det kan påverke valdeltakinga meiner Norges Bygdeungdomslag.

### Bøhering fekk pris av REMA 1000

Ein bøhering kunne seie seg nøgd under riksmøtet til Rema 1000 for kort tid sidan da butikken på Stoa ved Arendal blei kåra til årets butikk i Region Sør i 2014. Kjøpmann og dagleg leiar av denne butikken er Dag Erik Torekåsa frå Bø, og han seier til avisa Arendalstidende at han blei litt satt ut og ikkje hadde drøymt om denne prisen allereie i 2014. Han overtok ifølgje Arendalstidende



## KOMMUNEREFORMA

# Seljord ute av ny kommune



**Formannskapspolitikarane i Bø er einige med formannskapet i Nome og avsluttar forhandlingane med Seljord. Formannskapet takkar ja til å halde fram samtalanane med Nome og Sauherad.**

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Forhandlingsutvalet i Bø, Nome, Sauherad og Seljord hadde sitt

andre møte for å diskutere kommunesamanslåing onsdag 19. august. Bø blad skreiv frå møtet i førre avis. Dei fire diskuterte blant anna organisering av ein framtidig kommune, kvar kommunesenteret skal vere og kven som skal ha kontor der. Referansegruppa med hovudverneombod og hovudtillitsvalde i dei fire kommunane sat også og følgde møtet.

– Møtet var prega av god og høfleg tone, sa ordførar Olav Kasland (V) til formannskapet

sist måndag.

### Bø er sentrum

Kasland sa vidare at møtet var prega av at nokre møtedeltakarar hadde teke standpunkt på førehand. Nokre av utsendingane frå Nome hadde dessutan problem med konstallasjonen med fire kommunar.

– Prøveballongar vart slept, nokre av dei skotne ned, andre vart trekt tilbake. Me kan forhandle om alt, men objektive kriterium tilseier at kommune-

senteret bør ligge i Bø. Det er utpeikar som regionsenter, kommunikasjonsenter, Bø veks og det har byliknande struktur. Det vart for så vidt ikkje avvist, sa Kasland i formannskapet.

Ifølgje saka i Bø blad i førre veke var også to av representantane frå Nome opptekne av å ha ordførar og rådmann.

### Seljord mot vest

Etter forhandlingsmøtet fann stad har NRK Telemark intervjuva dei tre aktuelle ordførar-

kandidatane i Seljord.

– Dei uttalte i Telemarkssendinga at dei i første rekkje vender seg vestover når det gjeld kommunestruktur, sa Kasland.

Han samanlikna haldninga til Seljord med at ein mann hadde med seg to brurer opp kyrkjegolvet for å ta valet der. Det vil ikkje Kasland vere med på. Han peikar også på at kommunane Seljord, Kviteseid og Nissedal nesten er ferdige med forhandlingane og einige om det meste.

## Ja til Bø Museum

**Formannskapet sa måndag ja til å overføre det årlege kommunale driftstilskotet på 360.000 kroner frå Telemark Museum til Bø Museum.**

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

I vinter vedtok styret i Bø Museum at det aksepterte oppseiinga

av konsolideringsavtalen med Telemark Museum slik at museet kunne gå ut av samarbeidet. Avtalen mellom dei to partane går ut ved komande årsskifte. Bø Museum har søkt kommunen om få overført det kommunale tilskotet ettersom eigarstyret er avhengig av det for å kunne utvikle Bø Museum vidare i tråd med føremålet, og for å kunne overta og følgje opp basiskostnader knytt til forsikring, straum

og offentlege avgifter, blant anna.

### Lokalhistorisk arkiv

Ifølgje sakspapira tilbyr også Bø Museum seg å ta driftsansvaret for det lokalhistoriske arkivet vederlagsfritt.

Det takka formannskapet ja til. Det lokalhistoriske arkivet har lege nede sidan 2009. Då sa Telemark Museum opp driftsavtalen etter at Bø kommune kutta

tilskotet med 100.000 kroner.

### Snart 40 år

Styret i Bø Museum har vore svært kritisk til drifta som Telemark Museum har stått for sidan avtalen vart inngått i 2004. I ein rapport som det lokale styre fekk utarbeidd i vinter gjekk det fram at inntektene hadde stupt og vedlikehaldsbehovet auka.

Bø Museum vart etablert 26. september 1977 som eit resultat

av eit arbeid som Bø kommune, Bø ungdomslag, Bø Bondekvinnelag, Bø Historielag, Spellemannslaget Bøheringen, Bø Mållag og Høgskolen i Telemark hadde gjort for å ta vare på bygningar, gjenstandar og annan tradisjon som var særmerkt for kulturen i Bø sår det i sakspapira.